



Hogne Askeland

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/758 - 15/6330

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:

04.06.2015

## Byggesak - Gbnr 93/4 Straume - riving av Straume grendahus - uttale frå kultur

Straume grendahus er den gamle skulen på Straume. I følgje bygdeboka er dette den gamle skulestova som stod på Austrheim, som vart tatt ned og flytta til Straume i 1905. I 1926 vart den påbygd med ein lærarbustad. Skulen var i bruk som skule fram til kring 1964, då Straume vart overført til Radøy kommune og elevane byrja på Nordanger skule.

Straume skule er ein av dei eldste og mest autentiske skulebygga i Radøy kommune, og bygget har ikkje vorte særleg endra sidan det var skule. Bygget er plassert nært og lett synleg frå vegen på Straume. Alder, autensitet og plassering gjer at kulturminneverdien er høg.

Det har vore gjort fleire forsøk på å få sett skulen i stand, og å få nokon til å ta ansvar for vedlikehald. Dette har ikkje lukkast, og dei siste åra har skulen vorte ståande til forfall.

Kulturminneansvarleg skulle helst ynskt at skulen vart ståande der den står, og at den vart sett i stand og tatt vare på på staden. Då grunneigarane ynskjer å få skulen rive og fjerna og ingen tidlegare forsøk har ført fram, er ser det diverre ut som at dette ikkje mogleg. Om bygget ikkje vert tatt ned, vert det ståande til vidare forfall og skjensel langs vegen.

Det har vorte tatt eit initiativ frå Austrheim om å få skulen flytta attende til Austrheim kommune, få den sett oppatt og tatt i bruk som museum. Dette er ei løysing som vil ta vare på skulebygget i den kommunen skulen vart bygd. Dette er ei god løysing, når det synes umogleg å få tatt vare på skulen der den står i dag.

Kulturminneansvarleg rår til at det vert gjeve løyve til at bygget vert tatt ned og flytta til Austrheim kommune. Når ein flyttar bygget bør ein ta med utedoen som høyrer til skulen, og setja den oppatt i tilknytning til skulebygget.

Med helsing

Bente Kopperdal Hervik  
rådgjevar kultur

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Hogne Askeland